



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Børje Møster
Radøyvegen 1743
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1318 - 14/8698

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
21.08.2014

Gbnr 46/15 Manger øvre - handsaming knytta til justering av grenser i samband med dellingsak

Vi viser til Børje Møster sitt brev dagsett 30.06.2014 med klage på storleiken på gjenværande tomt etter Radøy kommune sitt vedtak i brev dagsett 26.06.2014. Det vart gjennomført synfaring 20.08.2014 med Jarle Landås og Toril M Mulen saman med søkjar Børje Møster. Vi viser også til epost med kart frå søkjar motteke 20.08.2014 i etterkant av synfaringa.

Rådmannen finn vi kan imøtekomme nokre av ynskja frå søkjar, men ikkje alle. Rådmannen finn dei etablerte vegane i dagens situasjon vert naturlege grenser som vert førande for ny grense i samband med deling av gnr/bnr 46/15 Manger øvre.

Rådmannen finn vi ikkje kan kome i møte søkjar sitt ynskje i brev dagsett 30.06.2014 i punkt 3 som gjeld trekant (markert med blått på kart) mellom to vegar. Her vil vegane være naturlege grenser. Og området heng naturleg saman med det øvrige LNF-området som vert søkt frådelt, og som skal være del av å styrke nabogardsbruk i aktiv drift.

Rådmannen finn vi tek omsyn til søkjar sine øvrige innspel når det gjeld å justere grensene, jamfør framlegg til nye grenser på kart motteke på epost i etterkant av synfaringa 20.08.2014 frå Børje Møster,. Desse justeringane vil gje søkjar høve til å få tilkomst til å vedlikehalde uthus, og det vert lettare å sette opp gjerde rundt knausen enn over knausen. Og ein vil samstundes framleis ivareta ny eigar med gardsdrift i aktiv drift sin tilkomst til LNF-område.

Vedtak:

Klagen vert delvis teke til følge. Vedtak i sak 14/1318 av 26.06.2014 vert stadfesta med følgande tillegg: arealet markert med lilla og grønt i kartet motteke på epost dagsett 20.08.2014 vert justert med i arealet for tomta som vert att etter ei eventuell deling. Arealet i same kartet markert med blått vert ikkje teke med i arealet som vert att etter ei eventuell deling av gnr/bnr 46/15 Manger øvre. Ny grense for tomt som vert att etter ei eventuell deling sjå kart vedlagt saka dagsett 21.08.2014.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 (2, jf jordlova §§ 9 og 12)

Vedtak i saka er eit nytt einskildvedtak som det kan klagast på.

Klagesaka vert ikkje sendt til fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vi ynskjer å gjere merksam på at eit samtykke til deling også skal vurderast etter plan og bygningslova.

Med helsing

Torill Marie Mullen
leiar

Toril Marie Mullen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Børje Møster

Radøyvegen 1743 5936

MANGER